



Finansdepartementet

Innsyns-, klage- og søksmålsrett for kommunane i skattesaker om verdsetjing av kraftanlegg - høyrings svar

Sogn regionråd viser til Finansdepartementet sitt høyringsbrev av 8. desember 2016 med høyringsfrist 8. mars 2017. Sogn regionråd er samansett av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Finansdepartementet føreslår i høyringsdokumentet at kommunane skal ha rett til innsyn i dokument som gjeld verdsetjing av kraftanlegg og at ein skal ha mogelegheit til å klage på verdien som er fastsett. Departementet føreslår i tillegg enkelte endringar i dei gjeldande reglane om kommunen sin mogelegheit til å gå til søksmål om fastsetjinga av formuesskattegrunnlaget for kraftanlegg.

Etter gjeldande rett skal kommunen nytte den verdien (taksten) som eit kraftanlegg fekk ved fastsetjing av formue- og inntektsskatt i året før skatteåret, som grunnlag for utskrivning av eigedomsskatt på anlegget. Det er verdsetjinga av anlegget etter reglane i skattelova som avgjer kva som er eigedomsskattegrunnlaget. Verdsetjingsreglane i skattelova og bruken av desse har dermed direkte betyding for kor store kommunen sine inntekter frå eigedomsskatten vert.

Sogn regionråd vil påpeike at eigedomsskatten er ei rein kommunal skatteordning og det er kommunane som er skattekreditor for eigedomsskatten. Inntekter frå eigedomsskatt på kraftanlegg har stor økonomisk verknad for kommunane.

Ved handsaming av ny skatteforvaltningslov den 28. april 2016 i Innst. 231 L (2015–2016), jf. Prop. 38 L (2015–2016), vedtok Stortinget følgjande anmodningsvedtak nr. 631:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om innsynsrett og klageadgang for kommunene ved fastsettelse av eiendomsskattegrunnlaget for kraftanlegg.»

Sogn regionråd er kjend med at Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar(LVK) planlegg å gi høyringsuttale i saka. Sogn regionråd støttar uttalen til LVK og vil presisere følgjande:

1. *Finansdepartementet sitt forslag framstår utan grunngeving når det ikkje er gjennomgått omsynet som Stortinget sitt fleirtal viser til i sitt anmodningsvedtak nr. 631.*
2. *Kommunane må ved innsynsrett gjevast mogelegheit til å kunne utføre ein reel kontroll av eigedomsskattegrunnlaget. Opplysningar om grunnrenteskatten, naturressursskatten og inntektsskatten må og vere omfatta av innsynsretten når opplysningar har betyding for eigedomsskatten.*
3. *Klageretten over eigedomsskatteverdsetjinga må også gjelde frådraget for grunnrenteinntekt.*
4. *Kommunane må også få klagerett for fastsetjinga av naturressursskatten sidan kommunane er mottakar av naturressursskatten. Det er ingen grunn til at klageretten skal avgrensast til eigedomsskatten.*
5. *Klagefristen må utvidast frå 3 månader til 6 månader.*

6. I klagesaker må kommunane få varsel og gjeve høve til å gi uttale.
7. Kommunane må få varsel ved søksmål frå den skattepliktige.
8. Fristberekninga for søksmål må presiserast av departementet.

Sogn regionråd registrerer at kommunane ikkje er på departementet si liste over høyringsinstansar. Sogn regionråd finn dette merkeleg sidan inntekter frå eigedomsskatt på kraftanlegg har vesentleg innverknad for kommuneøkonomien. Årsaka til at kommunane ikkje er sett på lista over høyringsinstansar reknar Sogn regionråd med skuldast ein intern feil i departementet. Eigedomsskatten er som nemnd ei rein kommunal skatteordning der kommunane er skattekreditor.

Sogn regionråd vil også påpeike at naturressursskatten og er ein rein kommunal skatteordning med kommunane som skattekreditor. Naturressursskatten er meint å sikre kommunane stabile inntekter frå kraftanlegga, og desse inntektene har også stor innverknad for dei kommunane som mottok slik skatt. Kommunane må difor få innsyn- og klagerett for naturressursskatten, slik at kommunane kan føre kontroll med naturressursskattegrunnlaga og inntektene frå naturressursskatten.

Til slutt vil Sogn regionråd påpeike at ein er uroa over ressursituasjonen ved Sentralskattekontoret. Bakgrunn for vår uro er erfaring ein av våre medlemskommunar, Lærdal kommune, har med lang sakshandsamingstid i samband med deira skattesak.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift